



Transporten har nådd Gavlen og er eit imponerande syn. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Den digre Eide Lift 2 har vorte eit kjent syn på våre kantar, gigantkrana har mange oppdrag i distriktet. Men tysdag var ferda litt spesiell, for krana hadde denne gongen ei last på vel 30 tonn hengande mellom "himmel og hav".

Det var styrehuset til trålareren Quantus, som ligg for utrustning ved Eidsvik Skipsbyggeri.



Målet er nådd i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Stord Offshore har laga den eine halvparten og Oma den andre halvparten av styrehuset og Oma har montert delane saman, opplyser Svein Arne Eidsvik til uskedalen.no.

Klokka 12 kom krana til Eidsvik med si tunge og verdfulle last og det vara ikkje lenge før styrehuset var på plass på dekket til trålareren.

Mellom dei som kasta eit imponert blikk på operasjonen var veteranen Alf Eidsvik, som hadde denne kommentaren:

- Dette er noko heilt anna enn vi opplevde då vi starta i denne bransjen!

Quantus er 65 meter lang og kom til Eidsvik 11. september. Etter planen skal båten leverast ferdig utstyrt til eit skotsk reiarlag i april 2008.

Av Ola Matti Mathisen



Om få minutter er styrehuset på plass..(Foto: Ola Matti Mathisen)